

# Protokoll frå styremøte Suldal IL



Møtenummer: 01/2018

Dato: 20.06.2018

Tidspunkt: 20.00

Stad: Foajeen på samfunnshuset

Til stades: Jon Bråtveit, Øyvind Gjuvsland, Aslak Moe, Vidar Jørgensen Nærheim, Else Kristin Krogh, Per Even Tjøstheim, Silje Færøy, Kathrine Kroken Lono, Alf Aadnøy og Kristine Bøe Berge

Forfall:

Andre til stades:

## **Sak 01/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

- Innkalling godkjent utan merknadar.
- Sakliste godkjent utan merknadar.

## **Sak 02/18 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte**

- Protokoll godkjent utan merknadar.
- Spørsmål om sak vedk. flaggheising. Vinjarheim tek flaggheisinga sjølv.

## **Sak 03/18 Orientering frå leiar v/Aslak Moe**

- Arne Vold fortset som leiar i idrettsrådet. Aslak går inn som styremedlem.
- Diakoniutvalet har sendt førespurnad om deltaking i komité for temamøte «Fri og villig» i oktober. Aslak vidare sender invitasjon til styret. Om nokon har moglegheit og ynskje om å delta melder dei frå til Aslak.
- Frivilligfest for 2018 vert laurdag 10.november. Komité: Aslak, Jon, Vidar, Øyvind og Kristine.
- Aktiv i Suldal:
  - o Skigruppa har delteke i alle fall dei siste to åra med aktivitetar med rulleski.
  - o Fotballgruppa skal vera med for fyrste gong i år.

## **Sak 04/18 Orientering frå kasserar v/Silje Færøy**

- Har sendt ut faktura til sponsorar desse dagar.
- Prinsippet for finansiering av dressar skal liggja på hovudlaget for både ski og idrettslaget elles.
- Suldal Kommune har løyvd deltakartilskot for to utøvarar frå Suldal IL Ski for deltaking på NM. Silje refunderer beløpet til dei aktuelle deltakarane. Sjekkar vidare praksis kring desse søknadane om dei skal gå privat eller via idrettslaget.

## **Sak 05/18 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit**

- Jon fortset som leiar for fotballgruppa i 2018.
- Fotballgruppa har diskutert økonomi. Ynskjer å selja lodd som inntektskjelde. Gruppa tek dette vidare med sine medlem.



- Det har kome fleire skiltssponsorar i Prestavikjo; Felleskjøpet, Tveit rekneskap og Forcit. Eit par nye bedrifter har og vist interesse.
- Fotballgruppa har kjøpt inn tekniske t-skjorter for trening. Suldalsgutane og Suldalsjentene har fått desse gratis (dekka av sponsorar). Seniordamer og seniorherrene har betalt kr 75,- for skjorta. Treningar og medlem i fotballgruppa har fått dei gratis.
- Suldal IL hadde sju aldersbestemte lag på Sentrumscup i Sauda.
- G9 deltok på Ryfylke Trelastcup.
- 77 spelarar deltok på Statkraftcup.
- 9 lag spelar i Suldalsserien.
- Resultat/status for Suldalsgutane og jentene: G13 5.plass, G15 1.plass og J16 5.plass.
- Damelaget har spelt to kampar. Seier i begge kampane. Håpar på 11'er serie og fyldigare serie neste år. Bra oppmøte på trening.
- Herrelaget har tapt sine kampar til no, men har løfta nivået. Bra oppmøte på trening.
- Framover får me Hjelmelandscup i august, Suldalscup i september og Røldalscup i september.
- Eskil ferdig med ansvar for vedlikehald og brøyting av bane. Har gjort ein god innsats. Treng ny person som kan gjera denne jobben. Må vera 16 år og ha traktorsertifikat.
- Arbeidar for å unngå spreining av gummigranulat frå kunstgrasbanen, ref. kampanje frå NFF. I Prestavikjo held ein det meste av gummien på asfalten innanfor gjerdet. Ikkje nokon stad det kan renna av til kummar og ut i vassdrag.
- Odd Åsgeir Lunde og Geir Bjarte Hoftun er godt i gang med ombygging av ballbua/garasjen for å auka lagringsareal.
- Fotballgruppa syt for lag- og kampbilete som sponsorar kan bruka i profileringsarbeid.
- Økonomigruppa organiserer opprusting (beis etc) av kiosken. Fotballgruppa ordnar med utekran til vatn.
- Jon startar prosessen med å sjå om det er interesserte til og vera med og drifta ei prosjektgruppe for eit klubbhus i Prestavikjo.

#### **Sak 06/18      Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim**

- Bra sesong med ca 50 løparar.
- Fellestreningar på rulleski har heldt på no på forsommaren.
- Fleire skal delta på Blink festival i sommar.
- Rulleski for alle fram til haustferien etter oppstart. Går ned til ei trening pr. veke.
- Suldal IL Ski skal delta i ein rulleskicup i haust og skal arrangera eit løp i september.
- Sonesamling/treningssamling for klubbane i Ryfylke i september.
- KM på rulleski i Sirdalen i september med moglege deltakarar.
- Skikarusell går som normalt til vinteren igjen. Erfjord og Hjelmeland er med som arrangørar.
- Suldalsrennet satsar me på i februar, Mosvatnet rundt i mars og Hamrabørennet.
- Lysprosjektet i lysløypa: står att siste rekkjen sørover og ei rekkje mot vatnet ved stadion. Håpar å få dette på plass til hausten. Feilar noko på fullfinansiering og ventar på svar på momskompensasjon og skal senda nokre søknadar.
- For snøproduksjonsanlegget vert det arbeidd vidare med å få på plass heile finansieringsplanen. Mogleg å skalere ned prosjektet og likevel få det gjennomført. Planen og målet per i dag er å starta opp arbeidet i 2019. Driftsavtalar må og på plass før idrettslaget kan gjera eit årsmøtevedtak på byggjeart.
- Fiber på plass på Gullinghuset.

- Per Even orienterte om grunneigaravtalar i og rundt lysløypa. Per Even held dialogen og hentar inn Aslak om det vert naudsynt.



**Sak 07/18      Orientering frå økonomigruppa v/Else Kristin Krogh**

- Økonomien går i pluss.
- Villige føresette som arbeidar på dugnad i kiosken.
- Fotballgruppa sender ei liste over alle som arbeidar innan andre område i fotballen, som då skal haldast ute frå kioskdugnad (trenarar o.l.).

**Sak 08/18      Ymse**

-

Suldalsosen, 20.06.18

Kristine Bøe Berge, skrivar